

Offentleggjering av politiske saker. Spørsmål frå Eirik Haga (AP)

Saksmengda som går til politisk handsaming er stor. Eit døme er sakskartet til Hovudutval for næring 17.november 2021.

Store, godt utgreia og framfor alt viktige saker som:

- Berekraftig verdiskaping handlingsprogram
- Temaplan for forsking for Vestland
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion
- Regional plan for vassforsyning for Rogaland, Vestfold og Telemark, Innlandet og Viken, Møre og Romsdal
- Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune
- mmm

Fagfolka i fylkeskommunen har brukte mykje tid og ressursar på å utarbeida dokumenta. Ein del har nok vore ferdig frå sakshandsamar i god tid føre dei vert godkjent av fylkesdirektøren.

I forkant av møtet onsdag 17/11 tikka det inn ei SMS fredag 12/11 om at saken var klar til nedlasting. For politikarar som ikkje er frikjøpte rauk nok helga til lesing.

For politikarar i fylkesutval kom lesinga på toppen av ei hektisk tid med budsjettarbeid.

Dersom sakene hadde blitt gjort tilgjengelege for folkevalde etter kvart som dei var ferdig frå sakshandsamar, kunne det gjeve folkevalde meir tid til å studera sakspapira grundigare.

På den måten ville folkevalde kunne gje dei store og viktige sakene den merksemda dei fortener. Dette vil utvikla demokratiet i positiv retning.

Spørsmål:

1. Er det mogleg å gjera store saker tilgjengelege for folkevalde etter kvart som dei er ferdig frå sakshandsamar?
2. Er det mogleg for fylkesdirektøren å endra rutinane for godkjenning av sakene etter kvart som dei er ferdig frå sakshandsamar?
3. Er det noko formelt i vegen for å gjera det?
4. Kva anna kan eventuelt gjerast for at folkevalde skal få betre tid til å setja seg inn i store, viktige og tunge saker?

Venleg helsing.

Eirik Haga